



Avskyting og sett – hjort statistikk i Luster kommune

I år som i fjor gir vi viltstatistikken ut i eit eige lite hefte slik at de som er jegerar kan sjå korleis bestandane og avskytinga av hjort varierer.

I år vart det ny rekord med 422 felte dyr. Det er spesielt gledeleg at auken i avskytinga ikkje skuldast at det vert teke fleire eldre bukkar, men at det no vert teke ut mykje meir kalv og ungdyr enn tidlegare.

Faktisk tok me i 2007 ut 20 færre eldre bukkar enn i toppåret 2005, medan ein i same periode auka avskytinga av kalv og ungdyr med heile 70 dyr.


Så me er på god veg til å få ei meir framtidretta forvaltning. Me har likevel att ei av dei største utfordringane som er å syte for at bestandsveksten stansar og at bestandane i einskilde område vert noko redusert.

Dette heftet prøver å synleggjere korleis bestanden og bestandsutviklinga er i kommunen sett under eitt. Det vert i tillegg laga eigne hefte til kvar av hjortesonene kor de finn meir detaljert informasjon frå dykkar eigne område.



Veterinær Olav Hermansen med kalv i Marifjøra


Jaktresultat 2001–2007



Figuren syner at avskytinga framleis aukar i kommunen. Figuren er litt missvisande når det gjeld avskyting av vaksne dyr, for auken i totalavskytinga skuldast stor auke i uttaket av kalv og ungdyr, og ungdyr vert i denne figuren rekna som vaksne.

Det har vore utvida jakt i 2005, 2006 og 2007 som som truleg har auka avskytinga litt. 15 % av totaluttaket vart i 2005 teke ut i den utvida perioden, og dette er truleg også gjeldande i år. I 2007 kom det også tidleg snø, noko som pressa dyra ned og truleg

også auka avskytinga, medan hjorten i motsetnad lenge stod høgt i 2006. Me må også ta med at det vart gjeve 50 fleire fellingsløyve i dei hjortetette områda av kommunen i 2007 enn tidlegare. Det virkar likevel ikkje som om dette løyste ut meir enn 12-15 ekstra fellingar.




Denne figuren syner avskytingsfordelinga. Den er laga for å illustrerer korleis me ligg an i høve enkle tommelfingerreglar for hjortevaskyting.

Jamn kjønnsfordeling og 60 % kalvar og ungdyr i uttaket vert rekna som "ideelt". Som figuren syner betra me oss veldig i 2007 når det gjeld å auka kalv og ungdyravskytinga og me er snart der me bør vere.

Figuren til høgre syner at det sidan 2005 faktisk har vore noko nedgang i avskytinga av eldre dyr, medan uttaket av kalvar og ungdyr aukar.

Dette er særst positivt og syner at de som er jegerar no meir og meir set omsynet til ei god forvaltning framfor eit kortsiktig ynskje om at det dyret som de fellar er størst mogleg.




Kor mykje hjort ser de under jakta?

Den beste metoden ein har for å registrere korleis storleiken på bestanden varierer, er å sjå på kor mange dyr gjennomsnittsjegeren observerer per jakttime per år. Ein skjel mellom jakt i utmark og jakt på innmark sidan ein jamt over observerer mange gonger så mykje per jakttime på innmark som i utmark.


Slik statistikk treng svært mange observasjonar for å kunne brukast i praktisk forvaltning. Det blir dermed litt tynt å bruke sett per time til å undersøke bestandsutviklinga i ei sone isolert, men ein vil truleg likevel kunne sjå trendane så me gjer eit forsøk.

Den store auken på Sørsida i 2007 skuldast i hovudsak to jegerar som såg svært mykje dyr den korte tida dei var på jakt. Dette drog opp snittet for heile sona. Ein ser likevel at ein jamt over har observert fleire og fleire dyr kvart år ein er på jakt, sidan me starta med sett hjort registrering i 2004. Den same tendensen ser ein viss ein ser isolert på observerte dyr per time under jakt på innmark. Me må dermed gå ut i frå at bestandane stort sett har auka i heile kommunen til tross for redusert minsteareal og utvida jakttid.



Kor mykje haustar me frå naturen?



Felte dyr per 1000 da



Viss me ser på kor mykje skog eller utmark som ligg bak kvart felte dyr i dei ulike områda, så ser ein tydeleg at dei beste hjortejaktområda er Indre Hafslo, Hafslo—Solvorn, Nes—Luster og Sørsida. Ein kan merke seg at den store auken i sett per time for Sørsida ikkje heng saman med auken i felte dyr per 1000 dekar.

Dersom hjortebestanden i Luster hadde vore stabil (altså at me hadde teke ut heile tilveksten), kunne me gått ut i frå at ein i snitt treng 1300 da utmark for kvar hjort ein lager koteletter av.

Kor lenge er de på jakt?



Totalt brukte jegerar i Luster kommune sett hjort skjema i litt over 13 500 timar. På denne tida observerte ein i underkant av 3000 dyr. Desse 3000 dyra ligg til grunn for statistikken over kjønns- og aldersamansetninga i bestanden som er presentert under. Jakttimane gjeld både jakt i utmark og jakt på innmark. Ut i frå statistikken jakta de faktisk meir i 2004, då det ikkje var utvida jakt enn i de tre etterfylgjande åra med to veker utvida jaktid. I snitt vert det jakta sju gonger meir i utmark enn på innmark.




Hjort over Berge i Luster, 5. Oktober 07. Foto Magnar Kvam

Bestandsamansetjing i kommunen

For kommunen sett under eit, ser ein at bestanden vår ligg på rundt 40 % koller, 23 % eldre hann-dyr, rundt 25 % kalv og ned mot 10 % spissbuk. Det ser ikkje ut til at det er mogleg å identifisere nokre tydelege "trendar" i bestandssamansetjinga dei siste fire åra.

Det er viktig å vere merksam på at dette ikkje nødvendigvis er lik den "verkelege" bestanden sidan dataa byggjer på observerte dyr. Det kan liggje nokon metodiske feilkildar bak som til dømes at det er lettare å observere hanndyr enn hodyr. Endringar i bestanden frå år til år vil ein likevel oppdage i statistikken sidan det er dei same feilkildane som gjeld kvart år.

Bestandsamansetjing i kommunen




Kalv per kolle

Oversikta syner kalv per kolle i ulike område frå 2004—2007. Ein ser at i tre av fire år har Hafslø-Solvorn og Indre Hafslø hatt færrest kalv per kolle.

Den høge kalveandelen på Veitastromd i 2007 og i Jostedalen i 2004 skuldast tilfeldigheiter grunna lite utval.

Generelt sett ser det ikkje ut til at det er negative endringar på gang når det gjeld kalveandelen til tross for at bestanden har auka i desse fire åra.

Kalv per kolle




Kolle per bukk

Ein ser at for kommunen sett under eit har kjønnsforholdet vore nokolunde stabilt, med ein liten overvekt av hodyr i bestanden. Som nemnt over kan det liggje metodiske feilkilder bak, som at det til dømes jamt over er lettare å dra kjensel på vaksne hanndyr enn hodyr. (Ein kan tenkje seg at ein større del av dei dyra registrert som "ukjent" er hodyr enn hanndyr).

Bukkeandelen er klart høgast på Veitastromd, i Gaupne og i Jostedalen, noko som ikkje er overraskande sidan desse områda har gode sommarbeiter.

Kolle per bukk



Slaktevektar

Slaktevektane me har samla inn syner at vektane har vore relativt stabile dei åra me har registrert slaktevektar. Dette er betryggande sidan bestandane har auka i den same perioden. Dersom beitene hadde vorte mykje dårlegare, ville me truleg ha observert ein nedgang i slaktevektane. Det er likevel viktig å halde fram med å registrere slaktevektene for å kunne dokumentere ein eventuell framtidig vektending.

I 2006 registrerte me også alderen til dei skotne dyra slik at me kunne finne snittvekta per år for vaksne dyr, og samstundes aldersfordelinga i bestanden.

Ein ser for vaksne hanndyr at vekta aukar fram til ca seks års alder.

Avskytinga er samstundes svært høg for dei største dyra, slik at det er svært få som vert så gamle at dei kan nå maksvekt. Dei vaksne hanndyra vart i snitt i 2006 skotne når dei var 3,5 år, medan hodyra var nesten fem år.


For hodyr er det annleis enn for hanndyr for hodyra når matchvekta ved mykje yngre alder og uttaket er samstundes jamt fordelt mellom årgangane.

Resultatet blir dermed at det er en stor overvekt av unge dyr i "hanndyrbestanden" medan hodyrbestanden er meir jamt fordelt mellom aldersgruppene.


For de som ynskjer ein tilnærma "naturleg" bestandsstruktur gir dette dermed den uheldige effekten at det blir svært langt mellom storbukkane.

Den gode avskytingsfordelinga som me hadde i haust gir likevel von om at dette vil betre seg i framtida.


Slaktevektar sum




snitt vekt hanndyr



vekt ulik alder av hodyr



tal dyr skote i ulike aldersgrupper




Me har samla alle slaktevektene som er registrert sidan 2004 i ei gruppe for å sjå om det var skilnader i slaktevektane mellom dei ulike områda i kommunen.

Me forventa at dei tyngste dyra var i dei områda som stort sett er sommerbeite. Dette sidan beite i desse områda gir godt næringsgrunnlag sommarstid, og sidan det er spreke dyr som vandrar hit.

Det er dermed overaskande å sjå at snittvekta på eldre hanndyr faktisk er høgast på Indre Hafslo og området Nes—Luster, områda med tettast bestand.

Dette trur me kan forklarast ut i frå at ein i desse områda tek ut ein større del av dyra på innmark og at jegeren då vel ut dei beste dyra. Slaktevektane på eldre hanndyr gir dermed eit dårleg bilete på korleis kvaliteten verkeleg er når ein ser dei ulike områda mot kvarandre. Når ein derimot ser på vektene til eldre hodyr eller spissbukkk får ein resultat som ligg meir opp til det me hadde venta. Då ligg Veitastrond og Jostedalen på topp.



Slakt av kolle (60 kg slaktevekt)

Oppsummering og kommentar

Bestandane av hjort aukar framleis i kommunen. Dette er tydeleg når ein både ser på fellingsstatistikken og på sett hjort statistikken.

Ein kan setje spørsmål med om utvida jakt har noko effekt når det gjeld den totale jaktinnsatsen i timar, sidan denne verkar å vere stabil uavhengig av når jakta sluttar. Det er likevel viktig for den totale avskytinga og for tilhøva i vinterområda med utvida jakt. Dette sidan dyra ofte kjem seint til vinterområda kor dyra gjer mest skade, og utvida jakt aukar avskytinga mest her.

Til tross for auka hjortebestander verkar kvaliteten på dyra (slaktevektene) og kjønns- og aldersforholda å vere stabile. Dette er godt nytt. Det syner at sjølv om stoda kanskje ikkje er slik det burde ha vore, så er me i allefall ikkje inne i ei merkbar negativ lei.

Aldersregistreringane i fjor avslørte at gjennomsnittsbukken ikkje vert eldre enn 3,5 år. Dette er alt for lite for at hanndyra kan nå dei store vektene som først kjem ved 6-7 års alder. Faktisk er det nesten ingen bukkar som i vår kommune rekk å bli så gamle. Det er dermed gledeleg at jegerane byrjar å sjå dette og at dei no legg hovudavskytinga på kalvar og ungdyr, til tross for at det er like mange "eldre" hanndyr som før. Det er dermed viktig at alle jegerane og ikkje berre nokre få, no vert klar over det ansvaret dei har for at hjorten i Luster på ny skal verte blant dei flottaste i landet. For å få det til må det vere ein intern justis både innad i valda og mellom ulike vald. Å skyte den flottaste bukken er ikkje noko å skryte av, for det er truleg mange som har latt nettopp den passere. Ein har då sjølv sagt ei utfordring med dei valda som sel frie løyve til høgstbydande. Dei må slutte å snylte på andre sin forvaltning og heller legge føringar på kva gjestejegerar får ta ut, i bytte mot lågare pris på dei mindre attraktive dyra. Me har kjennskap til at det i nokre område eksisterer fleire ulike prisar på løyvet etter kor attraktivt dyret er å ta ut. Dette er ein god idè, og ein storvakse kronhjort bør som døme då koste svært mykje.



For å få til eit meir forpliktande samarbeid mellom ulike vald som forvalter den samme bestanden, er det likevel ingen ting som er betre enn samanslåing av mindre vald til eit storvald med bestandsplan. Dei gamle valda og valdgrensane kan då bli omdøpt til jaktfelt slik at jaktorganiseringa ikkje treng endrast. De vil då sjølv, målfesta i ein bestandsplan for området, få bestemme kor mange og korleis dyr ein skal ta ut. Er bestandsplanen realistisk og fagleg haldbar (dvs at målsettinga for bestanden og avskytingsplanen i dei tre åra planen gjeld heng saman) så vil de få frie løyve tildelt i ein treårsperiode frå kommunen som samsvarar med det de ynskjer i bestandsplanen. Me har hittil fått fem storvald med bestandsplan i kommunen og desse har ein god forvaltning og dei er nøgd med ordninga.

Utfordringane framover vert dermed slik me ser det å stanse bestandsveksten, å arbeide for å leggje til rette for storvald med bestandsplanar, og å freiste å få ein best mogleg avskyting fordelt på kjønn og alder.

Med det vil me takke for eit godt og lærerikt samarbeid, og me håpar at de held fram med å ha ei betre og betre avskyting og god rapportering.

For viltforvaltninga

Christian Hillmann
naturforvaltar